

Dollardraummar på rad og rek

RADØY: – Eg trur me tek det i bil, seier Asbjørn Ystebø til ei raus handfull personar som, trass vind og vått ver, har møtt opp til bygdevandring mellom Amerika-gardane på Sletta.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

På Sletta ligg det 15 gardar etter kvarandre, som er heilt eller delvis bygt opp på fruktene av hardt, lønna arbeid i Amerika. Unge menneske, mange med stusslege framtidsutsikter, tok ein sjanse og reiste ut. Då dei kom heim att, med velfylde lommebøker, ville fleire gjera det same.

Henta familie og naboar

– Mons Skjelvik reiste til Amerika i 1892, på ein billett som onkelen hadde sendt, fortel Asbjørn Ystebø.

Dei var med på skogsdrifta nær Stillwater i Minnesota. Ein dag, då Mons kjørte eit lass med tømmer ned eit bratt lende, dreg han kjensel på ein som kjører eit anna lass.

«God dag, Gust, er det deg?» spør Mons.

– Det var August Ystebø, naboguten heime på Sletta, som kjørte ved sida av han. August hadde fått amerikabillett frå onkelen, Peder Kjeset, som var kokk i skogane, seier Ystebø.

Pendlarmiljø

– Det er på denne tida, med ein topp mellom 1900 og 1915, at det på Sletta, og i mange andre bygder i landet, utviklar seg eit pendlarmiljø mellom heimbygda og Amerika, seier Ystebø.

Amerika hadde utvikla seg til eit pengesamfunn, med veg, jernbane, og omfattande industri. Det var eit stort behov for arbeidsfolk, som kunna metta behovet for tømmer amerikanarane treng til å byggja hus med.

– Me snakkar ikkje om ein lang pendlarperiode, men det var ganske intenst når det stod på. Sidan får Vestlandet spinneri i Salhus, fabrikkar i Eidsvåg, Samnanger, Ytre Arne, på Dale og tungindustri i Hardanger, Årdal, Svelgen og Odda, som skaper muligheter her heime. Noreg gjekk inn i ein periode med oppbygging og rallartid, der ein ikkje lenger må til Amerika for å tena pengar, fortel Ystebø.

Dokumentert på Sletta

Asbjørn Ystebø har jobba med å registrera pendlarhistorier på

■ FAKTA

- **Amerika-gardar på Sletta**
 - Ein reknar at 840 000 nordmenn emigrerte til Amerika. Dei fleste av desse, rundt 700.000 personar, reiste i åra mellom 1865 og 1915, i tre bølger.
 - I første bølge, frå 1865 til 1873, reiste mange for å få religiøs fridom. I andre bølge, frå 1880 til 1893, reiste folk i håp om ein lysare framtid som amerikanarar. I Amerika kunne ein få gratis land, noko som freista mange som ikkje hadde odel, eller som kom frå tronge kår. I den tredje bølge, frå 1900 til 1915, reiste folk for å tena pengar i eit Amerika som no hadde ei rivande industriutvikling. Skogsindustri, jernbanebygging, gruvedrift og verkøystindustri trong arbeidskraft, og nordmenn trong arbeid. Dette skapte etterkvart eit pendlarmiljø, der nordmenn gjerne reiste fram og tilbake mellom Noreg og Amerika, for å tena pengar til å byggja seg opp i heimlandet.
 - I åra mellom 1900 og 1910 sende arbeidande nordmenn i Amerika 20 millionar kroner, eller meir, heim til Noreg kvart år. På Sletta, og i bygder landet rundt, vart pengane nytta til å byggja seg betre hus, større gardar og få heilt andre framtidsutsikter.
- Kjelde: Asbjørn Ystebø, artikkelheftet «Pionerliv i Amerika og bygdeutvikling på Sletta» utgjeve av Vestnorsk Utvandringssenter i 2012.



BESTEFAR MONS REISTE: Oddmund Skjelvik og Asbjørn Ystebø sin bestefar, Mons Skjelvik, reiste på skogsarbeid i Minnesota. Gardane har familien har kunna livnæra seg av i fleire generasjonar sidan.

Pengesummen var spesiell for meir enn storleiken.

– Pengane kom inn i dei små heimane. Amerikafararane vart ikkje stormannsgale, men brukte pengane til å byggja opp heimegardane. Pengane kom inn over heile landet, men størstedelen av pengane hamna i Agder og i kystbygdene på Vestlandet, seier Ystebø.

– Johan Namtvedt hugsar, frå sin barndom, at når posten kom, då samla folk seg på kaien. Det kom brev, så kom pakker og så var det amerikabreve. Dei måtte ein sjølvstekt lesa høgt, for alle i bygda ville vita korleis det gjekk med dei i Amerika, fortel Ystebø.

Amerikadraummar på Heljetræ

Heljetræ, garden i dalen på vestsida av Sletta-renen, er eit eksempel på kva ein kunne få til med amerikanske dollar i lomma. Ein husmann, ved namn Helje, dyrka seg opp litt innmark og bygde ei lita stove på ein knaus



I ARV: Olav Gjerde overtok garden etter faren Leonard Gjerde. Våningshuset vart restaurert og bygd om med amerikapengar i 1928. Leonard reiste med August Ystebø, og dei to møttest kvar laurdag, i alle år, etter amerikaturane.

nede i dalen. Plassen vart kjøpt av Jonas og Anna Vabø i 1892. Alle deira fire søner og ei av to dotrer, utvandra til USA. Borna sendte pengar heim, og med desse midlane vart nær alt arealet i Heljetræ dyrka opp. Det vart til 63,5 dekar innmark, tunet fekk nytt våningshus og fleire nye bygg. Husmannsplassen vart til eit velstandsbruk, nett som Jonas, Anna og borna hadde drøymd om.

– Då odelsønen Martin skulla komma heim og nyta sitt verk, hadde han vorte blind. Han var ikkje i stand til å driva garden vidare, og broren hans, Ole, måtte ta den tunge avgjerda om å selja garden ut av familien i 1938. Det stod då som eit aldeles nydeleg, velbygt bruk, fortel Ystebø.

Store ringverknadar

Liksom andre enn amerikafararane fekk nytte velstanden på Heljetræ, fekk millionane store ringverknadar for Sletta-bygda. Mons Skjelvik gifta seg i 1901 med